



Arkivnr: 2014/1684-3  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Statens vegvesen og momskompensasjon - Fylkesrådmannen orienterer om status

### Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 42/13 i møte i kontrollutvalet 18.12.13:

#### *"HANDSAMING I MØTE*

*Kontrollsjef Hogne Haktorson orienterte om henvending frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune i høve momskompensasjon.*

*Deloitte sende e-post 28.10.13 til riksrevisjonen om liknande problemstilling i Hordaland fylkeskommune. E-posten vert vidaresend til kontrollutvalet og som vedlegg til svar på henvending frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune.*

*Kontrollutvalet oppmodar fylkesrådmannen om å ha fortsett fokus på dialog med Statens vegvesen for å unngå forelda krav om momskompensasjon. Vidare ber kontrollutvalet om at fylkesrådmannen kjem i neste møte for å gjera greie for status på området.*

#### **VEDTAK**

*Kontrollutvalet oppmodar fylkesrådmannen om å ha fortsett fokus på dialog med Statens vegvesen for å unngå forelda krav om momskompensasjon. Vidare ber kontrollutvalet om at fylkesrådmannen kjem i neste møte for å gjera greie for status på området."*

### Drøfting:

Fylkesrådmannen er beden om å komme i dette møtet for å gjera greie for status på området.

### Konklusjon:

På bakgrunn av det som kjem fram i møtet bør kontrollutvalet drøfte seg fram til ein konklusjon.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*